

Grunneiere/rettighetshavere

Vår dato: 24.09.2024

Vår ref.: 202309373-45 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE har gjeve Statnett løyve og samtykke til ekspropriasjon og førehandstiltreding for Øygarden transformatorstasjon og omlegging av kraftleidningar

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag fatta vedtak om å gje Statnett anleggskonsesjon og oreigningsløyve til å byggje, eige og drive Øygarden transformatorstasjon, samt omlegging av to kraftleidningar inn til den nye stasjonen i Øygarden kommune i Vestland fylke.

Konsesjonsdokumentet, oreigningsløyve og brevet med vurderingane av saka er tilgjengelege på www.nve.no/16092/A.

Oreigningsløyvet gjeld naudsynt bruksrett til stasjonsområdet, i kraftleidningstraseane og bruksrett til riggplassar og åtkomstveger.

Partsinnsyn

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, gå til www.einnsyn.no.

Klage

Du kan klage på avgjerdene, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til søkar før saka vert lagt fram for Energidepartementet. Ei klage må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett.

Med helsing

Ingrid Myrtveit
seksjonssjef

Stian Holte
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Mottakarliste:

Grunneiere/rettighetshavere



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.